



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

VA-prosjekt & Anlegg AS
Garlivegen 15
2900 FAGERNES

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

LYSROG - 25/1460 2/45, M45

29.06.2026

Saksnr.	Utval
180/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
166/26	Kommunestyret

2/45 -Tåbakke 24 - Behandling av dispensasjon mellombels utsleppsløyve

Tiltak: Slamavskiljar og infiltrasjonsanlegg, svart- og gråvatn
Byggjestad: Gnr: 2 bnr: 45. Tåbakke 24, 2952 BEITO
Tinglyst eigar: Carl Martin Nesvåg og Åsne Gullikstad
Olav Nygardsveg 106, 0688 OSLO
Ansvarleg søkjar: VA-PROSJEKT & ANLEGG AS

Vedtak:

Dispensasjon

Med heimel i forureiningsforskrifta §§ 12-5 og 12-6, plan- og bygningslova § 19-2, samt kommunalt delegasjonsreglement, avslår kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak søknad om dispensasjon og søknad om løyve til privat avløpsanlegg på gnr. 2, bnr. 45.

Dispensasjonen gjeld mellombels etablering av svart- og gråvatn for fritidsbustad på Tåbakke 24, der søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova vert avslått. *Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.* Fordelane ved tiltaket ikkje er klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd andre setning.

Kommunen legg vidare vekt på at den omsøkte avløpsløyvinga ikkje tilfredsstiller krava til tilkomst for tømning etter lokal forskrift om tømning og tilsyn av mindre avløpsanlegg. Det er ikkje etablert godkjend oppstillingsplass eller snuplass for slamtømmebil, og slamtømmebilen må difor stå på eksisterande veg. Avstanden frå vegen til avløpsanlegget er om lag 34 meter, noko som overstig maksimal tillaten avstand etter § 9 i VKR sine forskrifter.

Bakgrunn for saka


VA PROSJEKT & ANLEGG AS, har på vegne av Carl Martin Nesvåg og Åsne Gullikstad søkt om å etablere nytt privat avløpsanlegg for svart- og gråvatn på gnr.: 2 bnr.: 45, Tåbakke 24, 2952 BEITO.

Saksopplysningar

Tiltaket er planlagt i eit LNFR-område, der etablering av avløpsanlegg og tilhøyrande tekniske anlegg ikkje er i samsvar med gjeldande arealføremål.

Kommunen registrerer vidare at eigedomen ikkje har godkjend parkeringsplass. Arealet som i dag vert nytta til parkering, er ikkje godkjent etter plan- og bygningslova og er i strid med gjeldande kommuneplan. Dette arealet kan derfor ikkje verte godkjent som oppstillingsplass eller tilkomst for slamtømmebil.


DOK-analysen syner at arealet der det er ønskjeleg at slamtømmebilen skal snu og stå under tømning, ligg innanfor ein registrert naturtype naturbeitemark med stor konsekvensutgreiingsverdi (KU-verdi):



Figur 1. Syner området med naturtypar KU-verdi.

Planstatus

Eigedomen er ikkje regulert ved reguleringsplan. Det er «Arealdelen til kommuneplanen 2026-2038» som er gjeldande for området. Arealformålet for eigedomen er LNFR- areal for nødvendige tiltak for stadbunden næring, samt at bebygd del av eigedomen gnr. 2 bnr. 45 har arealføremål *fritid noverande*. Tilbygget det er søkt om vil likevel gå inn i LNFR-føremålet.



Figur 2: Syner plankart over eigendommen

Vurdering

For at kommunen skal kunne gje dispensasjon frå gjeldande arealplan, må vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 vere oppfylte. Dispensasjon kan ikkje bli gjeve dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, omsyna i lova si føremålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Begge vilkåra må vere oppfylte for at kommunen skal kunne gje dispensasjon.

Ved dispensasjon frå lov, forskrift eller plan skal det leggjast særleg vekt på kva konsekvensar dispensasjonen kan få for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Statlege og regionale rammer og mål skal òg ha særleg vekt i vurderinga.

Vurdering av fyrste vilkår i § 19-2

Det første vurderingstemaet er om omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå, omsyna i lova si føremålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesette. Det aktuelle området er avsett til LNFR-føremål. Eit sentralt omsyn bak LNFR-føremålet er å sikre areal for landbruk, natur, friluftsliv og reindrift, og å hindre uønskt nedbygging og fragmentering av slike område.

DOK-analysen syner at det aktuelle området omfattar naturtypen naturbeitemark. Naturbeitemark er ein underkategori av semi-naturleg eng, som er eit engprega økosystem forma gjennom langvarig ekstensiv skjøtsel, hovudsakleg gjennom beiting eller slått. Semi-naturleg eng er vurdert som ein sårbar naturtype på Norsk raudliste for naturtypar.

Kommunen har gjennomført synfaring i området. Naturbeitemarka har registrerte naturverdiar som må takast særleg omsyn til ved gjennomføringa av tiltaket. Området vert skjøtta gjennom beiting, og det går beitedyr der i beitesesongen.

Etablering av tiltaket vil medføre inngrep i form av maskinkøyning, graving og anna terrengarbeid, i tillegg til etablering av nødvendig teknisk infrastruktur. Kommunen legg likevel til grunn at sjølv anleggsarbeidet kan gjennomførast med avgrensa påverknad på naturverdiane dersom det vert sett krav om konkrete avbøtande tiltak. Det skal mellom anna nyttast køyrematter eller tilsvarande marksikring ved køyning med anleggsmaskiner, anleggsområdet skal avgrensast til det som er strengt nødvendig, og råka areal skal tilbakeførast og setjast i stand etter at arbeidet er avslutta.

Det vert vidare lagt vekt på at tiltaket har eit avgrensa fysisk omfang, og at etableringa ikkje inneber ei generell omdisponering eller nedbygging av LNFR-området. Tiltaket skal gjennomførast slik at inngrepa i den registrerte naturbeitemarka vert minst moglege.

Etter ei konkret og samla vurdering meiner kommunen at tiltaket vil medføre ei viss påverknad på LNFR-området og dei registrerte naturverdiane. Med dei føresetnadene og avbøtande tiltaka som er lagde til grunn, vurderer kommunen likevel at påverknaden ikkje er av eit slikt omfang at omsyna bak LNFR-føremålet vert vesentleg tilsidesette.

Kommunen vurderer heller ikkje at omsyna i plan- og bygningslova si føremålsføresegn eller nasjonale og regionale interesser vert vesentleg tilsidesette.

Det fyrste vilkåret i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd er etter dette oppfylt.

Vurdering av andre vilkår i § 19-2

Det andre vurderingstemaet er om fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen legg til grunn at tiltaket vil ha fordelar for tiltakshavar ved at det legg til rette for betre bruk av eigedomen. Slike private fordelar kan inngå i vurderinga, men må vegast opp mot ulempene tiltaket kan medføre for dei omsyna planen skal ivareta.

Tiltakshavar har opplyst at arbeidet skal gjennomførast på ein måte som i størst mogleg grad avgrensar skade på naturen, og at det skal nyttast anleggsarbeidarar med forståing for naturverdiane i området. Dette er positivt og kan redusere enkelte av dei negative konsekvensane av anleggsarbeidet.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at sjølv anleggsarbeidet vil kunne gjennomførast med avgrensa belastning på det sårbare naturområdet, føresett at det vert gjennomført nødvendige marksikringstiltak. Dette inneber mellom anna bruk av køyrematter ved transport og maskinkøyning fram til anleggsområdet, avgrensing av køyrearealet og tilbakeføring av råka areal etter at arbeidet er avslutta. Kommunen legg òg til grunn at området rett nordvest for hytta i dag i stor grad er prega av attgroing og skogvegetasjon.

Dette reduserer til ein viss grad den direkte påverknaden frå enkelte delar av tiltaket. Tiltaket må likevel vurderast samla. Maskinkøyning, transport, graving av grøfter, etablering av teknisk infrastruktur og opparbeiding av biloppstillingsplass vil medføre ytterlegare inngrep og belastning på området. Sjølv om anleggsområdet vert avgrensa og terrenget vert forsøkt tilbakeført etter gjennomført arbeid, vil inngrepa kunne få både direkte og langsiktige verknader.

Kommunen legg ikkje avgjerande vekt på dei mellombelse terrenginngrepa som følgjer av sjølvne etableringa av avløpsanlegget. Det vert derimot lagt vesentleg vekt på at den omsøkte løysinga ikkje har tilfredsstillande tilkomst for framtidig tømming og drift av anlegget.

Det er ikkje etablert eller godkjent snuplass eller oppstillingsplass for slamtømmebil. Slamtømmebilen må etter den omsøkte løysinga stå på eksisterande veg, med eit slangeutlegg på om lag 34 meter fram til avløpsanlegget. Denne avstanden er lengre enn det som er tillate etter gjeldande krav til tømming og tilkomst. Ei slik løysing vil kunne medføre utfordringar ved regelmessig tømming av anlegget og vert ikkje vurdert som ei tilfredsstillande og langsiktig driftsløysing.


ADKOMSTVEG:

Det må være kjørbare adkomstveg til avløpsanlegget for kjøretøy som tømmer avløpsanlegget.

For privat veg må abonnenten sørge for at vegen tilfredsstiller minimumskrav fastsett av VKR. Informasjon om minimumskrav er gitt på VKR sine hjemmesider.

Utfyllende retningslinjer:

- Vegen fram til tømmebepunktet må tåle 8 tonn akseltrykk (BK8) og ha nødvendig dekke.
- Tilkomstvegen må ha en kjørebane på minimum 4 meter, inkludert skulder på hver side. Vegnormal klasse 3 Landbruksveg legges til grunn.
- Tilkomsten må være fri for vegetasjon og andre hindringer i veggbredden opp til 4 meters høyde.
- Avvannings- og slamsugebilen må kunne snu der det private avløpsanlegget er lokalisert.



<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/normaler-for-landbruksveier---med-bygge/id728812/>

OPPSTILLINGSPASS – ADKOMST TIL AVLØPSANLEGG:

Avstand fra kjøretøyets oppstillingsplass på adkomstvegen fram til avløpsanlegget skal være så kort som mulig og bør ikke være lenger enn 15 meter.

Oppstillingsplass for kjøretøy som tømmer avløpsanlegget skal være slik at kjøretøyet kan stå horisontalt under tømning. Det skal ikke være vanskelig å legge ut sugeslange fram til tanken.

Hvis tanken ligger lavere enn oppstillingsplassen, skal høydeforskjellen mellom oppstillingsplassen og bunnen på tanken ikke være mer enn 5 m.

Abonnenten plikter å sørge for at den som tømmer anlegget kan plassere nødvendig utstyr på eiendommen for å få utført tømningen.

Figur 3: Syner utdrag på retningslinjer

Etablering av ny oppstillingsplass og snuplass nærare avløpsanlegget vil på si side krevje ytterlegare permanente terrenginngrep i eller i nærleiken av den registrerte naturbeitemarka. Dette vil kunne medføre ei større og meir varig belastning på naturverdiane enn dei mellombelse inngrepa som er nødvendige for å etablere sjølvne avløpsanlegget.

Kommunen vurderer difor at den omsøkte plasseringa av avløpsanlegget ikkje sikrar ei tilfredsstillande løysing for framtidig tømning og drift. Samstundes vil etablering av nødvendig køyretilkomst, oppstillingsplass og snuplass kunne medføre ytterlegare inngrep i eit sårbart naturområde.

Det andre vilkåret i plan- og bygningslova § 19-2 er dermed heller ikkje oppfylt.

På bakgrunn i vurderinga over, er ikkje begge vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 oppfylte, og dispensasjon kan derfor ikkje bli gjeve.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12, jf. § 7

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit i saker som kan påverke naturmangfaldet. Etter § 7 skal det gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurderte og vektlagde.

§ 8 – Kunnskapsgrunnlaget:

Kommunen har lagt DOK-analysen for eigedomen, registreringar og faktaark frå Miljødirektoratet og kommunen sin synfaringsrapport datert 13.06.2025 til grunn for vurderinga. Kunnskapsgrunnlaget syner at området omfattar naturtypen naturbeitemark, registrert med moderat kvalitet og stor verdi. Det går vidare fram at lokaliteten er i ein tidleg attgroingsfase. Naturtypen er sårbar for fysiske inngrep og kan bruke lang tid på å reetablere seg etter skade.

Kommunen vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å vurdere dei vesentlege konsekvensane tiltaket kan få for naturmangfaldet.

§ 9 – Føre-var-prinsippet:

På bakgrunn av dei registrerte naturverdiane og naturtypen si sårbarheit meiner kommunen at det må verte utvist varsemd ved nye inngrep i området. Sjølv om delar av området er prega av attgroing, kan den samla påverknaden frå anleggsarbeid og permanente tiltak medføre ytterlegare forringing. Føre-var-prinsippet talar difor for at omfanget av nye inngrep bør verte avgrensa.

§ 10 – Økosystemtilnærming og samla belastning:

Tiltaket omfattar fleire inngrep som må vurderast samla. I tillegg til sjølv byggetiltaket vil det vere behov for maskinkøyning, transport, graving, tekniske installasjonar og etablering av biloppstillingsplass. Sjølv om kvart enkelt inngrep isolert sett kan framstå som avgrensa, vurderer kommunen at den samla belastninga vil auke presset på naturtypen og bidra til ytterlegare fragmentering og påverknad av området.

Samla vurdering etter naturmangfaldlova

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12 vurderer kommunen at området har dokumenterte og sårbare naturverdiar som tilseier at nye inngrep bør avgrensast. Dei planlagde tiltaka vil samla sett medføre auka belastning på naturmiljøet.

Vurderinga etter naturmangfaldlova støttar dermed konklusjonen etter plan- og bygningslova § 19-2 om at det ikkje bør verte gjeve dispensasjon for dei omsøkte tiltaka.

På denne bakgrunnen meiner kommunen at den samla løysinga ikkje er tilstrekkeleg eigna for etablering av eit nytt privat avløpsanlegg. Dette vert tillagt vesentleg vekt i kommunen si vurdering av søknaden.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering finn kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak at det ikkje ligg føre grunnlag for å godkjenne den omsøkte etableringa av privat avløpsanlegg. Det er lagt vekt på at tiltaket er planlagt i eit LNFR-område, og at delar av tiltaket og nødvendig tilkomst vil påverke eit område med registrert naturbeitemark med stor verdi.

Vidare er det ikkje etablert eller godkjent tilfredsstillande oppstillings- og snuplass for slamtømmebil. Den planlagde løysinga inneber at slamtømmebilen må stå på eksisterande veg, med eit slangeutlegg på om lag 34 meter, noko som ikkje tilfredsstiller gjeldande krav til tilkomst og tømning i VKR sine forskrift «*Utfyllende retningslinjer og veileder til forskrift om tømning og tilsyn av mindre private avløpsanlegg for kommunene Valdres*»

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at søknaden slik han ligg føre, ikkje dokumenterer ei tilfredsstillande og langsiktig forsvarleg løysing for etablering, drift og tømning av avløpsanlegget. Kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak finn difor ikkje grunnlag for å gi løyve til det omsøkte private avløpsanlegget.

Søknaden vert på denne bakgrunnen avslått.

Gebyr

For handsaming av søknaden blir det eit gebyr på kr. 8911,- jf. punkt 3.2.7.3 i *Administrativ dispensasjon* i gebyrregulativ for kommunen.

Faktura blir sendt tiltakshavar.

<https://pub.framsikt.net/2025/oystre-slidre/bm-2025-okonomiplan2025#/generic/summary/feesmanagement/?search=gebyr&scrollTo=t-74>

Klagerett

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om

framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Roger Nymoen Lyseng
Saksbehandler

Vedlegg

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar